



Fullt hus i låven

Det er halde branntilsyn i kjedlaren og låven på Dønhaug og i ei oppsummering heiter det at det er viktig at at personell som vert nytta under arrangementa har fått ei grundig opplæring i korleis dei skal opptre før, under og etter eit arrangement.

Ved eit brannfall i låven vil dette kunne spreie seg svært fort og ein brann vil mest sannsynleg føre til totalskade. Det vises her til at det er mangelfulle branncellebegrensande konstruksjonar i bygget.



Fullt hus i kjedlaren

Tida ein har til rømming er derfor heilt avgjerande for personsikkerheita i bygget. Ffor å kompensera dette er det utarbeida gode instruksar og rutinar og det er

i brannprosjekteringa satt visse krav - til dømes at hovudporten skal stå i open posisjon når det er meir enn 300 gjester på låven.

Dei organisatoriske tiltaka er svært viktige og brannvernet ser det som heilt avgjerande at desse vert følgt under eit arrangement.

Det var ikkje utført kontroll av kvalifisert personell på slokkeutstyret som er nytta i kjedlaren og låven. Det skal foretakast jamleg kontroll av slikt utstyr for å hindra teknisk forfall som reduserar branntryggleiken.

Det vert gjeve grundig opplæring av personell for kvart arrangement i låven og i tillegg bør det haldast tilpasssa øving av personell i tilknytning til arrangement i kjedlaren. Den er liten, oversiktleg og ikkje godkjend for eit stort persontal.

Men det er krav om at alle tilsette og leiarar skal gjennomføra brannøvingar som står i forhold til risikoen i objektet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen